

Styresak

Går til: Styremedlemmar
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 26.11.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: HR-sjef Berit Berntsen/ Fagdirektør Øystein Torgauten/ Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per oktober 2014**

Styresak 68/14 (O)

Styremøte 03.12.2014

Forslag til vedtak:

1. Styret I Sjukehusapoteka Vest tek rapporten til orientering.

Innhald

1	Oppsummering.....	3
2	Medarbeidarar / HMT	4
2.1	Sjukefråvere.....	4
2.2	Tal bemanning	4
2.3	Brot på Arbeidsmiljølovens arbeidstidsreglar per november 2014	5
2.4	Kompetanseutvikling.....	6
3	Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi	6
3.1	Viktigaste drivarar for utvikling	6
3.1.1	Sjukehusekspedisjonane (SHE).....	6
3.1.2	Publikumsekspedisjonane (PUB)	6
3.1.3	Farmasøytiske tenester (AFT).....	7
3.1.4	Produksjon (PRO).....	7
3.1.5	Forsking	7
3.1.6	Berdeskap.....	7
3.2	Utviklingsprosjekt	7
3.2.1	Verksemdsstyring i SAV	7
3.2.2	Miljøsertifisering.....	8
3.2.3	Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys	8
3.2.4	Bytte til ny grossist	8
3.2.5	System for støtte av produksjon	8
4	Økonomisk utvikling	8
4.1	Resultat per oktober.....	8
4.2	Prognose 2014.....	12
4.3	Balanse og kontantstraum	14

1 Oppsummering

Trend med fallande sjukefråvere held fram i 2014, sjølv om samla sjukefråvær i oktober 2014 er 8,4 % mot 6,4 % same tid i fjor. Det gjennomsnittlege fråværet ligg så langt i år på same nivå som per oktober 2013.

Tal tilsette og netto månadsverk er innanfor budsjett. Bruk av overtid og meirtid går ned siste 2 år.

Hovuddelen av Sjukehusapoteka Vest sine AML-brot er teknisk brot knytt til vekeskiellet i GAT. Etter dialog med Fagforeiningane endra dagens oppsett frå november, og ein forventar derfor lågare tal for ALM-brot frå 2015.

Kursdeltaking er høgare i 2014 enn i 2013, det gjeld både e-læring og klasseromkurs.

Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med effektivitet og kostnadsstyring med fokus på å nytte teknologien betre.

Hovudfokus i drifta i PUB er fortsatt aktivitetar som aukar sal og inntening. Samstundes er kostnadsfokus auka.

For farmasøytiske tenester er det gjort tiltak på informasjon til sjukehusavdelingane om tilbod og oppgåver sjukehusfarmasøytane kan levere. Kapasiteten på farmasøytar rusta til å levere klinisk farmasi er auka.

I desember vert det utlyst to nye D-stillingar der SAV finansierer første delen av PhD-program for farmasøytar. Ein samarbeider med UiB for å finne oppgåver tett knytt til apotekverksemda.

SAV arbeider parallelt med beredskap og planrevisjon både lokalt, i Helse Vest og nasjonalt. Beredskap i samband med overgang til ny grossist ved årsskiftet er særlig i fokus.

SAV er no miljøsertifisert i tråd med føringar frå Helse Vest. Planarbeid og førebuing til revisjon i mars 2015 er i gang.


Styringsgruppa har vedteke å flytte lansering av det nye systemet for verksemdsstyring, SAVvy, frå 1. desember 2014 til 1. mars 2015. Gevinsten ved dette er at SAVvy får breiare innhald ved lanseringa, noko som er svært viktig for tileigning og praktisk bruk.

SAV har ved utgangen av oktober ei samla omsetning på 761,7 mill. Dette er 24,9 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 89,2 mill., noko som er 6,1 mill. under budsjett.

Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 72,8 mill., noko som er 1,2 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 3,1 mill. og 4,0 mill. under budsjett. Samla resultat ved utgangen av oktober er på 8,3 mill., noko som er omtrent på budsjett. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 9,3 mill. Dette er 1,0 mill. under budsjett og 0,6 svakare enn i førre prognose i september. Endring i prognose skuldast spesielt lågare bruttomargin på varesal site periode.

2 Medarbeidarar / HMT


2.1 Sjukefråvere




Trend med fallande sjukefråvere held fram i 2014, sjølv om samla sjukefråvær i oktober 2014 er 8,4 % mot 6,4 % same tid i fjor. Helse Vest hadde eit samla sjukefråvær på 6,4 % i oktober. Det gjennomsnittlege fråværet i Sjukehusapoteka Vest ligg så langt i år på same nivå som per oktober 2013. 60,7 % (17 av 28) av einingane har eit lågare sjukefråvær enn målet på 5,5 %. Bruk av eigenmelding har vore høgare enn normalt dei siste 3 månadene, og er positivt, sidan vi har hatt høg del av legemeldt korttidsfråvere. Fokus og tett oppfølging held fram og Bedriftshelsetenesta blir nytta i oppfølgingsarbeidet ved behov.

2.2 Tal bemanning

Det er 251 tilsette (interne og eksterne) i SAV i oktober 2014, og 176 netto månadsverk. Det er budsjettert med 206 årsverk i 2014. Tal siste to år syner at det er stabilitet mellom tal tilsette og netto månadsverk, og ein ligg greitt innanfor personalbudsjett. Det ser vi og ved at tal tilsette i permisjon heng saman med tal vikarar. Det er i stort høve sommarferie som endrar det jamne nivået.



Bruk av overtid og meirtid har ein samanheng med totalt fråvær og utviklingsarbeid. Både bruk av overtid og meirtid går end siste 12 månader.



2.3 Brot på Arbeidsmiljølovens arbeidstidsreglar per november 2014

AML Brudd Oversikt


Periode 01.07.2014 - 31.12.2014

Bruddtype	Antall brudd
Maks timer per dag	4
Aml timer per uke	9
Aml timer per 4 uker	2
Aml timer per år	0
Søndager på rad	3
Maks timer i snitt	0
Maks planlagte timer per uke	0
Ukefri	48
Gj.snitt helger	0

Hovuddel av AML-brot i Sjukehusapoteka Vest er brot på krav om vekefri. Det er eit teknisk brot, knytt til vekeskiellet i GAT klokka 24:00 søndag. Ein har no, i dialog med Fagforeiningane, endra oppsett for kviletid i GAT frå november. Ein forventar difor lågare tal på ALM-brot frå 2015.

2.4 Kompetanseutvikling

Kursdeltaking er høgare i 2014 enn i 2013, det gjeld både e-læring og klasseromkurs.



3 Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi

3.1 Viktigaste drivarar for utvikling

3.1.1 Sjukehusekspedisjonane (SHE)

Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med effektivisering og kostnadsstyring, kor hovudfokus er knytt til å nytte teknologien det er investert i betre.

3.1.2 Publikumsekspedisjonane (PUB)

Utfordringa for publikumsekspedisjonane er stadig å rigge desse slik at SAV kan nå dei nye resultatkrava sett til dette forretningsområdet.

Det er etablert samarbeid med ny grossist frå 01.01.2015, Alliance Healthcare Norge (AHN), i der SAV får bistand til å tilpasse planogram som sikrar betre vareeksponering i publikumsekspedisjonane.

Ombygging i Førde er planlagt, og der vil publikumsarealet bli tilpassa vår nye profil.

Tett samarbeid med sjukehusavdelingane er naudsynt for å sikra samsvar mellom varer avdelingane anbefalar pasientane og det apoteket tilbyr. SAV vil trekke på erfaring frå Sjukehusapoteket i Ålesund, som har lukkast godt med dette.

God og tydeleg lokal leiing er nok den viktigaste faktoren for å nå resultatane som er sett.

Fagsjef for PUB arbeider med form og tema for lokale møter, og vil også ta ei mentor-rolle for avdelingsleiarane i PUB. God og tydeleg leiing er spesielt viktig når opningstid for ekspedisjonane etter kvart no vert utvida.

3.1.3 Farmasøytiske tenester (AFT)

Kontaktinformasjon til SAV sine tenestefarmasøytar har vore noko dårleg tilgjengeleg for sjukehusføretaka. Sjukehusapoteket i Bergen har difor utforma ein info-plakat og personvisittkort for tenestefarmasøytane. Dette er no distribuert, og er godt motteke i sjukehuset. Tilsvarande materiell vert utarbeid for Stavanger og Haugesund.

I Stavanger er kapasitet på klinisk farmasøyt auka, og apoteket er betre rusta til å levere kliniske tenester.

AFT i Bergen har denne hausten gjennomført intern opplæring av kliniske farmasøytar, og har gjennom dette auka sin kapasiteten på kliniske farmasøytar frå 2 til 6.

3.1.4 Produksjon (PRO)

Samordning mellom dei 4 produksjonseiningane med sikte på å etablera ei beste praksis, og nye rutinar for kliniske utprøvingar er fortsatt i arbeid.

3.1.5 Forsking

To nye utdanningsstillingar for PhD-kandidatar (D-stillingar) finansiert av SAV 50 % over 2 år per stilling, vert utlyst internt og eksternt i løpet av desember. Universitetet i Bergen, Klinisk fakultet 1 og 2, arbeider med moglege oppgåver og vegleiarar.

SAV ynskjer på sikt å knytte oppgåvene mest mogleg til apotek-aktuell forskning. Etter kvart som doktorgradskandidatane er ferdig utdanne ønskjer SAV også å kunne tilby tilsetning for å halda på og nytte denne kompetansen.

3.1.6 Beredskap

SAV arbeider parallelt med beredskap både lokalt, i Helse Vest og nasjonalt.

Regional beredskapsplan for Helse Vest er under revisjon. Harmonisering er ein føresetnad for optimalt samvirke HF-a imellom i beredskapssituasjonar. Arbeidet er forventa ferdig sommaren 2015 og vil gi føring for revisjon av SAV sin beredskapsplan.

RHF-a overtek ved årsskiftet ansvar for den nasjonale legemiddelberedskapen. Helse Vest RHF og SAV deltek i eit nasjonalt prosjekt som innan sommaren 2015 skal gje tilråding om korleis uheldige verknader av mangelsituasjonar best kan møtast. Endringar i høve dagens praksis er forventa.

Arbeidet med revisjonen av beredskapsplanen for SAV fram til fristen i februar 2015 blir å utforma slik at den lokale planen vert ført a jour, samstundes som føringar regionalt og nasjonalt vert å ta inn når desse er klare.

3.2 Utviklingsprosjekt

3.2.1 Verksemdsstyring i SAV

Hovudaktivitetane i prosjektet er fortsatt modellering av nye prosessar, revisjon av tilknytte prosedyrar, teknisk tilrettelegging av område for dokument-lagring (sharepoint-løysing), tilrettelagt «lest og forstått»-dokumentasjon, samt integrert funksjon for å melde forslag til forbetring av prosessar. Bygging av kompetanse i stab og apotek fortsett.

Styringsgruppa har vedteke å flytte lansering av det nye systemet for verksemdsstyring, SAVvy, frå 1. desember 2014 til 1. mars 2015. Gevinsten ved dette er at SAVvy får breiare innhald ved lanseringa, noko som er svært viktig for tileigning og praktisk bruk.

Frå 2015 vil bruk av konsulentar frå Qualisoft verte trappa ned og berre nytta på spesielle områder der SAV enno ikkje har nok kompetanse. Målet er at SAV skal stå på eigne bein med omsyn til systemdrift og utvikling tidligast råd i 2015, og eventuelt behov for ekstern støtteskal hentast frå Regionalt arkitekturkontor (RAK).

Ansvar og oppgåver hos prosess-eigarar og -brukarar vert tilpassa etter kvart som ein vinn praktisk erfaring med prosessorientert organisering i SAV.

3.2.2 Miljøsertifisering

Det Norske Veritas Certification AS (DnV) bekrefta 30.10.2014 at miljøstyringssystemet ved Sjukehusapoteka Vest HF oppfyller krava i ISO 14001:2004. Sertifiseringa omfattar alle apotek og verksemd-områder inkludert føretaksadministrasjonen.

Prosjektet med føremål å få SAV miljøsertifisert vert dermed avslutta godt innafor fristen sett av Helse Vest.

Samstundes vert miljøarbeidet ført vidare under leiing av Kvalitets- og beredskapsleiar i Fag- og utviklingsavdelinga, i samarbeid med dei 5 miljøkoordinatorane (ein påkvart apotek og ein i føretaksadministrasjonen).

DnV reviderer sertifiserte bedrifter årleg. Godkjent revisjon og årvisst forbetring er ein føresetnad for å behalda sertifikatet. SAV er varsla om at første revisjon skjer 24. – 26. mars 2015, og har starta arbeidet med førebuing.

3.2.3 Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys

KULE og TønSys er ført vidare.

SAV er ikkje involvert i nytt arbeid på eResept.

3.2.4 Bytte til ny grossist

Samarbeid mellom sjukehusapotekføretaka og ny grossist , Alliance Healthcare Norge (AHN), er godt strukturert med prosjektgrupper på aktuelle områder. Levering og beredskap har vore spesielt i fokus. Det er fortsatt noko usikkerheit om korleis produsentar, importørar og sjukehusapoteka handterer uvanlege situasjonar som måtte oppstå, men ulike scenario er identifisert og lagt ein plan for. Konklusjonen så langt er at grossistbyttet er godt førebudd, og at risiko for moglege mangel på legemiddel er på eit akseptabelt nivå.

3.2.5 System for støtte av produksjon

Arbeid med å skaffe nytt system er under utgreiing og førebuing. SAV orienterer seg mot eksisterande løysingar, og ser til kva erfaring dei andre sjukehusapotekføretaka har så langt. Framtidig løysing er helt avhengig av eit godt grensesnitt opp mot Meona-systemet som er anskaffa i KULE-prosjektet, og anskaffing av nytt produksjonssystem for SAV må derfor samarbeide tett med KULE-prosjektet når krav skal formulerast.


4 Økonomisk utvikling

4.1 Resultat per oktober

SAV har ved utgangen av oktober ei samla omsetning på 761,7 mill. Dette er 24,9 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 89,2 mill., noko som er 6,1 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 72,8 mill., noko som er 1,2 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 3,1 mill. og 4,0 mill. under budsjett. Samla resultat er på 8,3 mill., noko som er omtrent på budsjett.

Budsjett overført: 00.01.1900 00:00 Regnskap overført: 00.01.1900 00:00 Kjørt dato: 24.11.2014 16:24	Akkumulert per 201410							
	Regnskap	Budsjett	Regnskap - Budsjett	Prognose hele året	Budsjett hele året	Prognose - Budsjett hele året	Hittil i fjor	Året - fjorår
Inntekter frå varesalg	688 883	662 749	26 134	823 980	803 878	20 102	634 134	54 749
Varekostnader	599 719	567 462	32 257	716 686	688 556	28 130	545 300	54 419
Brutto fortjeneste	89 165	95 287	-6 123	107 294	115 322	-8 028	88 835	330
Brutto fortjeneste %	12,94 %	14,38 %	-1,43 %	13,02 %	14,35 %	-1,32 %	14,01 %	-1,07 %
Inntekter frå tjenester	54 134	56 064	-1 930	66 230	67 836	-1 605	48 902	5 232
Andre inntekter	18 661	17 938	724	22 230	21 487	743	17 053	1 608
Dekningsbidrag	161 960	169 289	-7 328	195 754	204 645	-8 891	154 790	7 170
Personalkostnader	113 519	116 592	-3 074	137 715	140 846	-3 131	111 490	2 029
Andre driftskostnader	41 583	45 618	-4 034	50 518	54 855	-4 337	37 124	4 459
Driftsresultat før finansposter	6 858	7 079	-220	7 521	8 944	-1 423	6 176	683
Netto finansposter	1 453	1 190	263	1 737	1 428	309	1 270	183
Resultat før felleskostnader	8 311	8 269	43	9 258	10 372	-1 113	7 445	866
Resultat etter felleskostnader	8 311	8 269	43	9 258	10 372	-1 113	7 445	866
Nøkkeltall:								
Prosentvis endring i inntekter varesalg			3,9 %			2,5 %		8,6 %
Prosentvis endring i inntekter frå tjenester			-3,4 %			-2,4 %		10,7 %
Prosentvis endring i andre inntekter			4,0 %			3,5 %		9,4 %
Varekost %	87,1 %	85,6 %	1,4 %	87,0 %	85,7 %	1,3 %	86,0 %	1,1 %
Personalkostnad %	14,9 %	15,8 %	-0,9 %	15,1 %	15,8 %	-0,7 %	15,9 %	-1,0 %
Andre driftskostnads %	5,5 %	6,2 %	-0,7 %	5,5 %	6,1 %	-0,6 %	5,3 %	0,2 %
Driftmargin %	0,9 %	1,0 %	-0,1 %	0,8 %	1,0 %	-0,2 %	0,9 %	0,0 %
Resultatmargin %	1,1 %	1,1 %	0,0 %	1,0 %	1,2 %	-0,1 %	1,1 %	0,0 %

Resultatavviket per oktober er vist under. Grøn farge tilseier lågare kostnadspådrag eller betre inntening enn budsjett. Raud farge tilseier høgare kostnad eller lågare inntening enn budsjett. Personal- og andre driftskostnader under budsjett kompensere for manglande inntening på varesal og lågare inntekter frå sal av tenester i høve til budsjett.



Resultatet i SAV er påverka av sal av varer og bruttofortjeneste på dei varene som blir seld. Varesalet veks med 8,6 % (54,7 mill.) frå fjoråret og er 3,9 % (26,1 mill.) over budsjett. Budsjettert og realisert varesal, varekost og bruttofortjeneste for dei ulike verksemdsområda fordelt på apoteka er vist nedanfor. Raud farge indikerer negativt budsjettavvik.



Varesal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	335 623	312 984	22 639	152 528	144 556	7 972	30 578	27 133	3 445	110 732	99 337	11 395	41 785	41 958	-173
PUB	247 794	251 126	-3 333	112 623	113 097	-474	25 623	29 899	-4 277	70 250	69 616	635	39 298	38 514	783
PRO	126 731	110 844	15 887	66 370	51 004	15 366	9 497	9 108	390	33 583	30 790	2 793	17 281	19 942	-2 661
Avd 145	10 426	12 318	-1 892	10 426	12 318	-1 892	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	688 883	662 749	26 134	341 947	320 975	20 972	65 698	66 141	-442	214 566	199 743	14 823	98 364	100 415	-2 051

Varekost	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	298 593	277 051	21 542	134 457	127 134	7 323	27 417	24 329	3 087	99 404	88 147	11 257	37 315	37 440	-125
PUB	217 999	216 418	1 582	99 517	98 136	1 381	21 746	25 354	-3 608	62 410	59 674	2 736	34 327	33 254	1 073
PRO	113 486	96 792	16 695	60 291	45 796	14 495	9 101	8 211	890	27 727	24 490	3 237	16 367	18 294	-1 927
Avd 145	1 330	1 584	-254	1 330	1 584	-254	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	599 719	567 462	32 257	295 595	272 651	22 944	58 264	57 894	370	189 541	172 311	17 230	88 009	88 988	-979

Brutto fortjeneste	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	37 030	35 933	1 097	18 071	17 422	649	3 162	2 804	358	11 328	11 189	139	4 470	4 518	-48
PUB	29 794	34 709	-4 915	13 106	14 961	-1 855	3 877	4 545	-669	7 840	9 942	-2 101	4 971	5 261	-290
PRO	13 245	14 053	-807	6 079	5 207	871	396	897	-501	5 856	6 300	-444	914	1 648	-734
Avd 145	9 097	10 734	-1 638	9 097	10 734	-1 638			0			0			0
SUM	89 164	95 287	-6 123	46 352	48 324	-1 972	7 435	8 247	-812	25 025	27 431	-2 407	10 355	11 427	-1 072

Siste månaden har ein sett svingingar i varekosten som har gjeve ein dårligare inntening med ca. 2,3 mill. under budsjett. Ca 1,1 mill. av dette skuldast manglande oppdatering av varelager ved vareteljning og varemottak. Rutinar på dette området vert gjennomgått på nytt som ein del av arbeidet i verksemdsstyringsprosjektet.

Bruttoforteneste (bruttomargin) på varesalet er 6,1 mill. under budsjett, av dette utgjør PUB 4,9 mill. og avd. 145 1,6 mill. Nedanfor er vist omsetnings- og fortjenesteutvikling i PUB per oktober. Omsetningssvikten er knytt til reseptpliktige legemidlar (Rx og andre). Fortenestebildet viser at HV og OTC bidreg med ca. 43 % av samla fortjeneste (margin), men utgjør berre ca. 12 % av omsetninga.



Rx=reseptpliktige legemidlar frå NMD, Andre = reseptpliktige legemidlar på H-resept og legemidlar frå andre leverandørar enn NMD, HV=Handelsvarer og OTC=reseptfrie legemidlar.

Omsetning (tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	150 180	69 664	21 091	6 860	247 795
Budsjett	151 634	72 429	20 299	7 664	251 126
Differanse	-1 454	-2 765	792	96	-3 331
Regnskap % andel	61 %	28 %	9 %	3 %	100 %

Bruttomargin (tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	15 075	1 955	8 694	4 070	29 794
Budsjett	16 696	6 183	8 064	3 766	34 709
Differanse	-1 621	-4 228	630	304	-4 915
Regnskap % andel	51 %	7 %	29 %	14 %	100 %

Innteninga innan avd. 145 (steril/ ikkje steril produksjon) har vore svakare enn budsjettert. Resultat per oktober er 0,9 mill. under budsjett. Hovudårsak er lågare volum (einingar) enn budsjettert. Det er gjort tiltak for å skalere ned bemanning og driftskostnad i høve til aktiviteten. Desse tiltaka har berre delvis kompensert for redusert salsinntekt. Tiltak i avdelinga er knytt til avklaring av produksjonsvolum i 2015 (budsjett), avklaring av avdelinga sin status innan beredskapsproduksjon og vidare fokus på reduksjon av kostnader (sjølv om ein nærmar seg ei nedre grense for kor mykje kostnaden kan kuttast og samtidig oppretthalde avdelinga).

Budsjett overført: 00.01.1900 00:00 Regnskap overført: 00.01.1900 00:00 Kjørt dato: 26.11.2014 11:21	Akkumulert per 201410							
	Regnskap	Budsjett	Regnskap - Budsjett	Prognose (i arbeid) hele året	Budsjett hele året	Hele året: Prognose - Budsjett	Hittil i fjor	Året mot fjorår
Inntekter frå varesalg	10 426	12 318	-1 892	12 839	14 228	-1 389	11 284	-858
Varekostnader	1 330	1 584	-254	1 759	1 861	-102	1 000	330
Brutto fortjeneste	9 097	10 734	-1 638	11 079	12 367	-1 288	10 284	-1 187
Brutto fortjeneste %	87,25 %	87,14 %	0,11 %	86,30 %	86,92 %	-0,62 %	91,14 %	-3,89 %
Personalkostnader	5 498	6 149	-651	6 752	7 425	-672	5 313	185
Andre driftskostnader	1 801	1 872	-71	2 138	2 255	-117	1 243	558
Fordelte felles kostnader foretaksadministrasjon	1 534	1 534	-	1 841	1 841	-	1 444	90
Fordelte egne felleskostnader	588	588	-	706	706	-	607	-18
Resultat etter felleskostnader	-300	592	-892	-333	141	-474	1 757	-2 057
Nøkkeltall:								
Solgt antal enheter	9 868	11 306	-1 438	11 850	13 007	-1 157		
Prosentvis endring i inntekter varesalg			-15,4 %			-9,8 %		-7,6 %
Varekost %	12,8 %	12,9 %	-0,1 %	13,7 %	13,1 %	0,6 %	8,9 %	3,9 %
Personalkostnad %	52,7 %	49,9 %	34,4 %	52,6 %	52,2 %	0,4 %	47,1 %	5,6 %
Andre driftskostnads %	17,3 %	15,2 %	3,7 %	16,7 %	15,8 %	0,8 %	11,0 %	6,3 %
Resultatmargin %	-2,9 %	4,8 %	-7,7 %	-2,6 %	1,0 %	-3,6 %	15,6 %	-18,5 %

Innan PRO elles er priser ved LIS-skiftet (februar) regulert ned til opphavleg innkjøpspris. Dette har ikkje vore gjort tidligare år, og var ikkje føreset i budsjettet. Samla effekt av dette er utrekna til ca. 1 mill. i høgare varekost for PRO enn budsjettet i 2014.

Inntekter frå sal av tenester veks med 10,7 % (5,2 mill.) frå fjoråret, men er 3,4 % (1,9 mill.) under budsjett. I tenester inngår basistjenester frå SHE, produksjons-/ tilsetningstenester frå PRO og farmasøytiske tenester frå AFT.

Tjenestetal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	9 002	9 796	-794	1 757	3 467	-1 710	989	1 090	-102	3 619	1 688	1 931	2 637	3 550	-914
PRO	19 088	18 162	926	9 469	8 889	580	1 539	1 527	12	6 538	5 972	566	1 541	1 774	-233
AFT	25 862	27 957	-2 096	16 345	17 906	-1 561	2 223	2 448	-226	3 854	3 826	28	3 440	3 777	-337
SUM	54 134	56 064	-1 964	27 572	30 262	-2 691	4 750	5 066	-315	14 012	11 486	2 526	7 619	9 101	-1 483

Innan SHE er det spesielt omfang av ASL i Bergen som skaper avvik mot budsjett grunna feil i føresetnadene for budsjettet (tal timar). Innan AFT skuldast avviket spesielt manglande kapasitet på farmasøytar i Bergen i starten av 2014 samt prisavvik ved sal av tenester til kompetansenettverk og kompetansesentre i Bergen.

Andre inntekter veks med 9,4 % (1,6 mill.) frå fjoråret, og er 4,0 % (0,7 mill.) over budsjett. I andre inntekter inngår mellom anna basispris til produksjon, KLUT-tenester, refusjon av lønnskostnader mv.

Personalkostnader er 3,1 mill. under budsjett. Personalkostnad i prosent av omsetning er redusert frå 15,9 % på same tid i fjor til 14,9 %. Ei viktig årsak til at vekst kan takast ut utan tilsvarende auke i bemanning er innføring av ny teknologi og system i ekspedisjonane.

Personalkostnad	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	26 394	24 509	1 885	12 227	10 868	1 359	1 939	2 205	-267	8 009	7 913	96	4 218	3 522	697
PUB	20 638	21 293	-655	8 875	8 865	10	2 323	2 430	-106	5 919	6 357	-438	3 521	3 642	-121
PRO	20 817	21 911	-1 093	9 952	10 162	-210	1 532	1 762	-230	7 627	8 205	-578	1 707	1 781	-74
Avd 145	5 498	6 149	-651	5 498	6 149	-651	0	0	0	0	0	0	0	0	0
AFT	18 347	19 016	-668	11 203	12 380	-1 177	1 888	1 749	140	2 577	2 486	90	2 679	2 400	279
X10	6 396	6 080	317	2 422	2 368	54	1 093	912	181	1 676	1 487	189	1 205	1 312	-107
FAD	15 428	17 636	-2 208	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	113 519	116 592	-3 074	50 177	50 792	-615	8 776	9 058	-283	25 807	26 449	-642	13 330	12 657	674

Andre driftskostnader aukar med 0,2 % (4,5 mill.) frå fjoråret, men er 4,0 mill. under budsjett. Redusert kostnadspådrag så langt i år er mellom anna knytt til balanseføring av utviklingskostnader til logistikksystem og system for verksemdsstyring (hjá Helse Vest IKT), lågare avskrivning enn budsjettet og innsparing gjennom program for kostnadsreduksjon.

Andre driftskostnader	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	4 391	5 058	-667	2 126	2 177	-51	540	523	17	1 102	1 084	18	623	1 273	-651
PUB	4 525	5 110	-585	1 557	1 921	-364	566	840	-274	1 537	1 451	86	866	898	-32
PRO	4 528	5 278	-750	2 619	2 836	-218	517	577	-60	1 001	1 149	-148	392	716	-324
Avd 145	1 801	1 872	-71	1 801	1 872	-71	-	-	-	-	-	-	-	-	-
AFT	881	1 171	-290	420	490	-70	189	225	-36	154	194	-39	118	263	-145
X10	2 295	2 937	-642	1 458	1 806	-349	134	146	-12	578	659	-81	126	326	-200
FAD	23 162	24 192	-1 030	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
SUM	41 583	45 618	-4 035	9 980	11 102	-1 123	1 945	2 310	-365	4 372	4 537	-165	2 124	3 476	-1 352

Finansinntekter består av renteinntekter på bankinnskot og ligg 0,3 mill. over budsjett. Bankinnskot inngår i Helse Vest si konsernkonto-ordning.


Akkumulert resultat og resultatavvik mot budsjett ved utgangen av september for dei ulike verksemdsområder, administrasjon og apotek er vist i tabellar nedanfor. Tal med raud farge indikerer underskot, negativt budsjettavvik eller overforbruk av kostnader.

Alle driftsavdelingar har resultat under budsjett bortsett frå PRO som har høg aktivitet og resultat på 1,7 mill. over budsjett. FAD og lokale administrasjonsavdelingane (X10) har kostnader høvesvis 4,0 mill. og 0,4 mill. under budsjett.


Resultater 2014														
Regnskap vs Budsjett pr 201410														
	SAV		SHE		PUB		PRO		145		AFT		X10 (lokal adm)	
	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik
SIB	2 184	-3 754	672	-2 547	-2 199	-1 276	5 293	1 731	-300	-892	511	-387	303	291
SIF	-181	-441	432	508	-469	-206	406	-209			-614	-330	-162	-169
SIS	4 265	-135	1 828	110	-2 434	-1 332	3 590	702			41	-71	-100	-108
SIH	599	383	109	858	-1 182	-116	994	-524			-181	-432	330	308
FAD	1 444	3 990												
SAV	8 312	43	3 041	-1 071	-6 284	-2 930	10 282	1 700	-300	-892	-244	-1 219	372	322

4.2 Prognose 2014

Resultatprognose for 2014 viser resultat på 9,3 mill. Dette er 1,0 mill. under budsjett og 0,6 mill. lågare resultat enn førre prognose frå september.



Avvik for førre prognose skuldast i hovudsak en svekking av bruttofortenesta, noko som vert delvis kompensert for ved lågare driftskostnader.



Innteninga i SAV er knytt til faste avtarar og vilkår definert i budsjettprosessen for 2014. Dette gjeld spesielt prisar og volum på (det meste av) tenestesalet, prisar og basispris for tilvikring innan PRO og avansepåslag for legemidlar og andre apotekvarer som følger apotekavansemodellen. Fokus dei siste to månadene vert difor på forhold som faktisk kan påverkast resten av året.

I ein situasjon med fallande marginar frå sal av varer har program for kostnadsreduksjonar vore avgjerande for at SAV kan levere eit resultat opp mot budsjett. Målet er å spare om lag 4 mill. i personal- og driftskostnader i perioden juli til desember (ca. 5 % av samla kostbase). Fokus er på kostnader som lar seg påverke på kort sikt. Døme på dette er reisekostnader, kurs og kompetansekostnader, leige av konsulentar og anna personell og overtidsbruk. Tiltak vert følgt opp mot faktisk resultat månadleg. Tabellen under viser kostnadsreduksjonar realisert mot opphavleg prognose (frå juni):

SAV	Akkumulert juli- okt		
	Opphavelg kostnads prognose	Realisert kostnads reduksjon	%
Personalkostnad	43 162	1 744	4,0 %
Driftskostnad	17 648	2 380	13,5 %
Sum	60 810	4 124	6,8 %

Tiltak for kostnadsreduksjon skal balanserast mot forsvarleg drift og arbeidet med å betre (effektivisere) prosessar i verksemda.

Variasjon i varekost med utgangspunkt i produktmikks gjev usikkerhet for framtidige resultat. I prognosetal for resten av året legg ein til grunn varekost på nivå med akkumulert hittil i år. Det er og usikkerheit med omsyn til pensjonskostnader og effekt av nye uførereglar frå 01.01.2015. Endringar i føresetnader for utrekning av pensjonskostnader tilseier at budsjettert pensjonskostnad for 2014 kan verte endra (reduisert). I prognose for 2014 er det ikkje teke omsyn til eventuelle endringar i pensjonskostnaden.

4.3 Balanse og kontantstraum

Likviditetsbeholdninga varierer frå månad til månad grunna månadsvis endringar i kapitalbindinga i varelager, fordringar og endringar i kortsiktig gjeld. Det er spesielt registrerings- og betalingstidspunkt for faktura frå grossisten Norsk Medisinaldepot (NMD) som gjev utslag på kapitalbindinga.

Hittil i år er det ei auke i kapitalbindinga i varelager og fordringar med ca. 4,0 mill. Kortsiktig gjeld har ei auke på 14,0 mill. Til saman gjer dette ein positiv utvikling i likvidar hittil i år på 18,8 mill. Likviditeten er god, med ein arbeidskapital på ca. 103 mill. per utgangen av oktober. Soliditeten i SAV er også god med ein eigenkapitalprosent på 46 %.

BALANSE	31.12.2013	okt.14
Anleggsmiddel	22 377	23 910
Varelager	35 134	37 686
Fordringar	80 643	82 060
Betalingsmiddel	81 501	100 256
Sum omløpsmiddel	197 278	220 002
Sum eigedelar	219 655	243 912
Eigenkapital	102 459	102 459
Resultat hittil i år		8 311
Pensjonsforpliktning	8 850	11 654
Langsiktig gjeld	5 368	4 526
Kortsiktig gjeld	102 978	116 962
Sum eigenkapital og gjeld	219 655	243 912
Akkumulert endring i kontantstraum		
Resultat hittil		8 311
Endring omløpsmidler		-3 969
Endring i kortsiktig gjeld		13 984
Endring avsetning til forpliktelser		2 804
Avskrivningar		3 489
Investeringar		-5 022
Økt finansielle anleggsmidler		0
Nedbetaling langsiktig gjeld		-842
Endring i kontantstraum		18 755